

Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: 27.10.2017, kl. 08:30 – 12:20
Møtestad: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøtet var oppe for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Atle Hamar (frå kl. 09:28)	Nestleiar
Helge E. Bryne	Medlem
Liv Stave	Medlem
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Hans Jacob Westbye	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Audun Nedrebø	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Børge Tvedt, kst. administrerande direktør
Olav Hesjedal, direktør Medisinsk klinikk
Trine Vingsnes, direktør Kirurgisk klinikk
Svein Ove Alisøy, kst. direktør Psykisk helsevern
Arne Skjelten, HR-direktør/kst. direktør Stab/støtte
Halfdan Brandtzæg, økonomidirektør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Stig Igland, samhandlingssjef
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør
Berit Irene Haarklau, referent

Sakliste

- 070/2017 Godkjenning av innkalling og dagsorden
071/2017 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 12.09.2017
072/2017 Administrerande direktør si orientering
073/2017 Rapportering frå verksemda per september 2017
074/2017 Budsjettoppfølgning 2017

Saker til orientering:

- 075/2017 Risikostyring av styringsmål 2017 – rapportering 2. tertial
076/2017 Status båtambulanse sør
077/2017 Eventuelt
Skriv og meldingar

Lukka del:

- 078/2017 Tilsetting i stilling som administrerande direktør i Helse Førde HF
Uoff, Off.I. § 25, 1. ledd

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, brukarrepresentant, administrasjonen, publikum og presse velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

Reidar Sandal vart ønska velkommen som ny styremedlem og Audun Nedrebø som ny brukarrepresentant.

070/2017 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Ny sak 078/2017 «Tilsetting i stilling som administrerande direktør i Helse Førde HF» vart handsama i lukka del
- Nye skriv/dokument var utdelt i møte:
 - Revidert styreprotokoll 12.09.2017
 - Notat til leiarar i Helse Førde vedr. «Budsjettoppfølgning 2017 – strakstiltak»
 - Notat til føretaksleiinga vedr. «Budsjett 2018 – oppfølging av tiltak»
 - Protokoll 25.10.2017 vedr. «Drøftingsmøte strakstiltak B17 og tiltak B18»
 - Brev 25.10.2017 frå tillitsvalde i Helse Førde vedr. «Kommentarar til Budsjett 2018 – oppfølging av tiltak»

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

071/2017 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 12.09.2017

Styreleiar Landstad orienterte om Revidert protokoll frå styremøte 12.09.2017.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna revidert protokoll frå styremøte 12.09.2017.

072/2017 Administrerande direktør si orientering

Kst. adm. direktør Tvedt orienterte om:

1. Rapportering tilsynssaker

Status for tilsynssaker, frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Arbeidstilsynet. Saka om Sepsis-tilsyn er oppdatert.

Kst. adm. direktør Tvedt henviste til møte med fylkeslegen, og at fylkeslegen meiner Helse Førde må ha eigne målingar på oppfølging av sepsis.

Prosjektdirektør Solhaug orienterte om:

2. Nye Førde sjukehus (NFS) - løypemelding

Det vert arbeidd med ei prinsippskisse for NFS i 2017. Investeringsramma ligg fast. Arkitektane skal starte sitt arbeid 1. november 2017.

Konseptfaserapporten frå 2015 er grunnlaget for finansiering og utgangspunktet for vidare arbeid.

- Nybygg psykisk helsevern
- Lite anna nytt areal
- Mykje ombygging

Framtida krev generalitet og fleksibilitet.

Førebels endringar frå planen i 2015:

- Ny løysing for PHV, mindre areal enn planar frå 2015
- Einerom med ny løysing for bad i eksisterande høgblokk
- Pasienthotell i tillegg til sjukehotell
- Skilje poliklinikkdrift frå sengepost
- Auka utnyttingstid på poliklinikkar til seks timar
- Intensiv, tung overvaking, to operasjonsstover og sterilproduksjon på plan 2 i tilbygg vestover
- Løysingar og kapasitetar skal justerast for oppdaterte pasientbehov

Plan for vidare gjennomføring av prosjektet Nye Førde sjukehus:

24.11.2017: Styremøte - avgjerd forprosjekt NFS

15.12.2017: Styremøte - budsjett, sluttrapport, vidare arbeid

23.02.2018: Styremøte – pilot baderom i eksisterande høgblokk, evaluert som styresak

01.07.2018: Ferdigstilling av forprosjekt, rapport frå rådgjevar
Sept. 2018: B4 Avgjerd investering i styret til Helse Førde og Helse Vest

Styret gav honnør til arbeidet som er gjort i prosessen, og ønskjer å få tilsendt presentasjonen.

Administrasjonen svara på spørsmål.

Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om:

3. Statsbudsjettet

Vi veit ikkje no kva rammer vi får frå Helse Vest RHF.

Sjukehusa blir styrka med 1 589 millionar kroner samanlikna med saldert budsjett 2017.

- Auka pasientbehandling med ytterlegare 2 prosent
- ISF-området aukar med 1,6 prosent
- Offentleg poliklinisk aktivitet omfattar laboratorium og radiologi, vekst med 6,8 prosent
- Pris- og lønsjustering med 2,7 prosent

Avbyråkratisering og effektivisering: for Helse Vest utgjør dette om lag 33 millionar kroner.

Andre tilhøve inneber m.a. at vi får finansieringsansvar for fleire legemidlar, flytting av «Raskare tilbake» til basisramme, budsjettneøytral omlegging av laboratorietakstar, lågaste meirverdiavgift sats vert auka frå 10 til 12 prosent.

Styret kommenterte at vi må effektivisere verksemda på lik linje med andre verksemder.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

073/2017 Rapportering frå verksemda per september 2017

Oppsummering:

Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om: Kvalitet, aktivitet, økonomi og medarbeidarar

Gjennomsnittleg ventetid for ventande var 44 dagar i september. Samla tal ventande pasientar auka til 4854 pasientar. Totalkø viser 45 348 pasientar i september. Det var registrert 13 nye fristbrot for dei ventande i september. Direkte timetildeling for første time viste nedgang til 82%, og stabilt på 64% til oppfølgingstime. Det var 9 korridorpatientar i september. Utskrivingsklare pasientar viste 101 døgn, tilsvarande 446 882 kroner.

Resultatet i perioden er positivt med 2,8 millionar kroner. Det er eit positivt budsjettavvik på 1,5 millionar kroner. Varekostnaden ligg vel 2,8 millionar kroner over budsjettet, derav er 2,7 millionar kroner knytt til medikament.

Budsjettavviket til no i år er negativt med 16,6 millionar kroner. På kostnadssida er det høgare kostnader til medikament, laboratorierekvisita og behandlingshjelpemiddel. Det er også høgare kostnader til innleige av personell, særleg legar. Det er lågare andre kostnader for pasienttransport.

Sjukefråværet var 5,2 prosent i august og var best i helseregionen.

Brutto månadsverk var 2234 i september. Netto månadsverk var 2051 i september.

Vedtak (samrøystes):

Rapportering frå verksemda per september 2017 vert teken til vitande.

074/2017 Budsjettoppfølging 2017

Oppsummering:

Helse Førde har budsjettert med eit overskot på 15 millionar i 2017. I budsjettdokumentet vart det omtala at det var knytt risiko til fleire budsjettområde, også at det var knytt risiko til fleire av tiltaka i budsjettet. Eit negativt driftsresultat vil, mellom anna, føre til svekka investeringsevne.

Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om budsjettoppfølging 2017.

Prognose 2017 viser no at rekneskapsresultatet kan bli eit underskot på mellom 10 og 15 millionar kroner. Denne betringa i høve til tidlegare prognose er grunna i pasienttransport, gjestepasientar, utvikling av kostnader til løn.

Investeringsplan 2018 vert justert i samsvar med endra framdrift for Nye Førde sjukehus.

Kst. adm. direktør Tvedt orienterte om at ein arbeider med endringar for å redusere kostnader i heile organisasjonen.

Framlagde notat inneber strengare restriksjonar på reiser, kurs, konferansar, overtid og forskyvd arbeidstid.

Sal av eigedommar har ein førebels oversikt som viser mogleg salsverdi på 12-14 millionar kroner for ikkje driftskritiske eigedomar.

Vedtak (samrøystes):

1. Det er framleis grunn til uro for at driftsresultatet i 2017 vil gje svekka investeringsevne framover, og styret ber administrerande direktør halde fram arbeidet for å sikre eit best mogleg økonomisk grunnlag.
2. I tråd med denne styresaka er det viktig at budsjettet for 2018 fokuserer på:

- Reduksjon i døgnbehandling og kapasitet
- Rammebudsjettering
- Aktivitetsstyrt bemanning og rammestyrt bemanning
- Vurdering av overlappingstid døgnpostar
- Kjøp av utvida arbeidstid legar
- Parkeringsavgift
- Reduserte utgifter pasientreiser
- Koordinering av tiltak i lokalsjukehusa

Saker til orientering:

075/2017 Risikostyring av styringsmål 2017 – rapportering 2. tertial

Oppsummering:

Andre tertialrapporteringa gjev status for no-situasjon, framdrift i høve tiltak og vurdering av risiko knytt til gjennomføring og måloppnåing.

Styringsmål 1	Talet på skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest skal halverast innan 2018
Styringsmål 2	Uønskt variasjon og ventetider for diagnostikk og klinisk praksis skal reduserast
Styringsmål 3	HMS er ein sjølvsgagt del av arbeidsdagen
Styringsmål 4	Det er høgare vekst i kvart einskild føretak innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn for somatikk
Styringsmål 5	Helse Førde utviklar «pasientens helseteneste» med god kvalitet, brukarmedverknad og heilskaplege pasientforløp

Tertialrapporteringa viser ei rett utvikling som følgje av det fokuset Helse Førde har hatt på gjennomføring av tiltak knytt til styringsmål med høgast risiko. For å oppnå dei definerte kvalitetsmåla vil helseføretaket halde fram arbeidet med forbetringstiltak i risikostyring av verksemda. Styringsmåla vert rapportert i årleg melding ved årsskiftet 2017/2018.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek saka om risikostyring av styringsmål for andre tertial 2017 i Helse Førde til vitande.

076/2017 Status båtambulanse sør

Oppsummering:

Styret gjorde følgjande vedtak i sak 065/2016 «Modell for bil- og båtambulansetilbod i område sør», i styremøte 18.11.2016:

1. Bilambulansetenesta for kommunane Askvoll og Fjaler vert stasjonert i Dale.

2. Båtambulansetilbod for område sør vert lyst ut på anbod med ein båt i Solund, supplert med kjøp av taxibåttenester eller anna eigna transportkapasitet for Atløy, i tråd med føringar i saksførelegget.
3. Styret ber adm. direktør legge fram ei sak med framlegg til prosess for heile det prehospitale området i Helse Førde, tilpassa den økonomiske ramma.

Denne saka gjeld oppfølging av punkt 2 i vedtaket. Styret har gjort vedtak om korleis ambulanseområde sør skal dekkast med ambulansebåt. Arbeidet med å gjennomføre vedtaket er i gang, men dagens løysing må lysast ut mellombels grunna krav til offentlege innkjøp. Tilbodet på den mellombelse løysinga skal vere inne tidleg i november. Det kan ta omlag to år å etablere den framtidige løysinga med ein moderne båt i område sør.

Kst. adm. direktør Tvedt og direktør Vingsnes orienterte om status båtambulanse sør.

Styret ber om å få saka lagt fram i november 2017 når ein har fått inn anboda.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek den skisserte prosessen for båtambulanse sør til orientering.

077/2017 Eventuelt

Møteplanen:

Styremøte 10. november 2017 utgår.

Skriv og meldingar:

Styret ber administrasjonen sende eit svarbrev til Førde Pensjonistlag.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Samhandlingsnytt, oktober 2017
- Brev frå Fylkesmannen vedr. «Detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs fv. 484 Vievegen, Førde kommune», datert 25.09.2017
- RHF styresak 104/17 Heiltidskultur
- Brev til Helse Vest vedr. «Innspel på tiltaksplan Helse 2035», datert 18.10.2017
- Dokument frå Helse Vest RHF vedr. «Tiltaksplan Helse 2035 – Innspel frå føretaket», datert 08.09.2017
- Bekymringsmelding frå Førde Pensjonistlag, datert 13.09.2017

Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet i møtet:

- Revidert styreprotokoll 12.09.2017
- Notat til leiarar i Helse Førde vedr. «Budsjettoppfølgning 2017 – strakstiltak»
- Notat til føretaksleiinga vedr. «Budsjett 2018 – oppfølging av tiltak»
- Protokoll 25.10.2017 vedr. «Drøftingsmøte strakstiltak B17 og tiltak B18»
- Brev 25.10.2017 frå tillitsvalde i Helse Førde vedr. «Kommentarar til Budsjett 2018 – oppfølging av tiltak»

Lukka del:

Uoff, Off.I. § 25, 1. ledd

078/2017 Tilsetting i stilling som administrerende direktør i Helse Førde HF

Oppsummering:

Stillinga som administrerende direktør i Helse Førde HF har vore lyst ut i tråd med føresetnader lagt frå tilsettingsutvalet. Det er gjennomført ein omfattande tilsettingsprosess, der det har vore nytta bistand frå ekstern rådgjevar.

Framlegg til vedtak:

1. Styret sluttar seg til forslag til tilsetting av ny administrerende direktør i Helse Førde i tråd med innstillinga frå tilsettingsutvalet.
2. Styret sluttar seg til tilsettingsvilkåra som er gjennomgått og lagt fram i møtet.

Styreleiar Landstad, som har vore leiar av tilsettingsutvalet, orienterte om tilsettingsprosess og innstilling frå tilsettingsutvalet.

Innstilling frå tilsettingsutvalet vart framlagt i styremøte og vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

1. Basert på orientering frå styreleiar og medlemmer frå tilsettingsutvalet gjeve i styremøte 27.10.2017 gjev styret si tilslutning til tilsetting av Arve Varden.

Arve Varden blir tilsett som administrerende direktør med verknad frå og med 1.2.2018.
2. Arve Varden blir tilsett på ordinære vilkår for administrerende direktørar i føretaksgruppa Helse Vest. Lønna blir fastsett til kr 1.650.000,-
3. Arbeidsavtalen er tråd med retningslinjene for tilsetting av leiarar der eventuell etterlønn er regulert i tråd med retningslinjene. Det ligg ikkje føre forpliktingar utover lønn, feriepengar og ordinære pensjons- og forsikringsvilkår.
4. Styreleiar får fullmakt til å inngå arbeidsavtale.

Ref. Berit Irene Haarklau

Agnes Landstad
Styreleiar

Atle Hamar
Nestleiar

Helge E. Bryne

Liv Stave

Aud Ingrid Espeland

Reidar Sandal

Wenche Kristin Røkenes

Randi Aven

Hans Jacob Westbye

Arthur Norevik